

Svein Børtveit
Juvikstølen 56
5916 ISDALSTØ

Telf. 99 79 20 70

17. juli 2015

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

**SØKNAD OM BORTFALL AV GEBYR – DISPENSASJON FOR
UTNYTTINGSGRAD BYA OG/ELLER BYGGJELØYVE UTAN AT DET
FØRELIGG GYLDIG REGULERINGSPLAN – GNR 185, BNR 141.**

Eg viser til vedlagde søknad om byggjeløyve og «søknad om dispensasjon for utnyttingsgrad og/eller byggjeløyve utan at det føreligg gyldig reguleringsplan» for ei mindre utviding av huset vårt.

I møte med byggesaksavdelinga blei det opplyst at søknader om dispensasjon normalt har eit gebyr på kr. 8.400, men at det i eit slikt tilfelle som dette, er mogleg å søkje om bortfall eller reduksjon av gebyret.

Eg tillet meg å søkje om bortfall av gebyr med følgjande grunngjeving:

1. Det er Lindås kommune sin plan som ikkje er gyldig. Ansvaret for at det må søkjast om dispensasjon, må derfor i utgangspunktet liggje på kommunen.
2. Utvidinga er så lita at den ikkje gir utslag på BYA. Den går frå 13,17 % til 13,48 %, men etter som BYA skal gjevast i heile tal, er BYA 13 % både før og etter utbygginga. I lovens forstand, er det altså inga auke av BYA, og altså er det rettkommen tvil om det i det heile er nødvendig med søknad om dispensasjon.
3. Sjølv utnyttingsgraden er svært låg samanlikna med det som er gitt i nyare reguleringsplanar. Dersom planen hadde vore gyldig og hatt same utnyttingsgrad som elles er vanleg, ville det vere unødvendig med dispensasjon. Ved eit søk på www.bing.nu, finn eg få planar i Lindås med oppgitt % BYA. Men Kløve Nord (23.03.09) har 20 %, og Helleneset (19.02.07) har 30 % for to område, og 20 % for eitt. Juvikstølen (07.02.02) har berre TU – tilleten utnyttingsgrad BRA. Denne er 45 % for enkelttomtar. Til samanlikning er vårt BRA 20 % både før og etter utbygging.

Med helsing


Svein Børtveit